

Søknad om skuleplass ved Tuddal Montessoriskule



Tuddal Montessoriskule er ein nyetablert skule i Tuddal, godkjent med 40 elevplassar frå 1. til 7. trinn. Skulen drivast frå skuleåret 2019/2020 i skulebygget i Gaustavegen 10 i Tuddal. Her held me til saman med Tuddal barnehage, og rett utanfor døra har me både lysløype, ballbinge og gode turområde. Skulen i Tuddal har eit godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar i bygda, til felles glede og nytte. Meir informasjon om skulen finn du på nettsida vår www.tuddalmontessori.no, og har du spørsmål kan du ta kontakt på post@tuddalmontessori.no.

Montessoripedagogikken byggjer på Maria Montessoris studiar av barn sine utviklingsfasar. Alle barn har periodar der dei er særleg absorberande og mottakelege for enkelte fag, nettopp då skal innlæringa vere tilgjengeleg. Det betyr at undervisinga må vere lagt opp individuelt og i stor grad vere basert på barnet sitt eige initiativ. Læraren har ei rolle som rettleiar og inspirator i eit tilrettelagt klasserom/miljø, og eit variert materiell hjelper barna til konkret å forstå abstrakte omgrep.

Elevane i ein montessoriskule arbeider tverrfagleg og i lag på tvers av alder, ved bord eller på golvet – avhengig av kva materiellet dei arbeider med krev. Barna hjelper og lærer av kvarandre på ein naturleg måte, og har ansvar for orden i materiellet og i miljøet dei høyrer til. Det vert ikkje lagt opp til konkurranse eller måling mot andre, men den individuelle utviklinga står i fokus. Læringa vert oftast ikkje delt opp i spesifikke fagtimar gjennom veka. Barna får fordjupe seg og konsentrere seg om eit område i lange bolkar om gongen.

Grunntanken er at barnet er eit individ som skal ha ei reell rolle i samfunnet og skal takast på alvor. Barnet skal respekterast og lære seg å respektere verda rundt seg – ikkje berre andre menneske, men også naturen og miljøet.

Søknadsfristen for skuleplass og SFO-plass ved Tuddal Montessoriskule er **1. mars**. Tildeling av skuleplass skjer ut frå skulens inntaksreglement. For å få kartlagd om eleven har behov for skuleskysst og for å gjennomføre opptaket, treng skulen litt informasjon om barnet og dei føresette. Fyll derfor ut side to av søknadsskjemaet.

Frå Tuddal Montessoriskules inntaksreglement:

§ 4 Prioritering av elevar ved inntak

1. Barn som startar i 1. årstrinn.
2. Barn med sysken på skulen eller sysken som søker i same opptaket.
3. Barn som bur i geografisk nærleik til skulen.
4. Barn av tilsette ved skulen.
5. Barn som har gått på montessoriskule eller i montessoribarnehage.
6. Dersom to barn stiller likt, avgjer ein inntaket gjennom loddtrekking.
7. Søknader sendt etter den ordinære søknadsfristen, jf. § 3, vert prioritert etter søknader sendt innan den ordinære søknadsfristen.

Friskular som Tuddal Montessoriskule kan ta **skulepengar** for å dekkje nødvendige utgifter. Tuddal Montessoriskule har som mål å drive ein god og rimeleg skule som alle har råd til å gå på, og skulepengane på **360 kroner per måned** går med til å dekkje kostnader til daglege fellesmåltid. Dette er det same som kommunens sats for matpengar i barnehagen.

Skulefritidsordninga (SFO) ved Tuddal Montessoriskule er eit omsorgs- og fritidstilbod utanom skuletida til elevane ved skulen. Målgruppa er elevar på 1. – 4. trinn, samt elevar med særskilte behov på 5. – 7. trinn. Dersom det ikkje er plass til alle som søker, skal dei yngste elevane prioriterast. SFO-året følgjer skuleåret, og er ope når skulen er open og er stengt når skulen er stengt.

Dagleg opningstid er om morgonen frå kl. 6.45 – 8.00 og om ettermiddagen frå kl. 15.00 – 16.30.

Betalingssats for SFO er 1500 kroner per måned.

Søknad om skuleplass ved Tuddal
Montessoriskule
skuleåret 2019/2020



Søknaden sendast:

Tuddal Montessoriskule
Gaustavegen 10
3697 Tuddal

For skulen:
Mottatt dato:

Informasjon om eleven:

Førenamn												
Etternamn												
Fødsels- og personnummer / D-nummer							-					
Folkeregistrert adresse												
Postnummer og stad												
Kjønn (kryss av)	Jente					Gut						
Kva årstrinn skal eleven byrje i?	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.					
Har eleven sysken ved skulen eller som søkjer i same opptaket?	Ja	Nei	Arbeider nokon av elevens foreldre ved skulen?				Ja	Nei				
Har barnet tidlegare gått i montessoribarnehage eller i montessoriskule?	Ja	Nei	Søkjer eleven samtidig plass ved skulens SFO-tilbod?				Ja	Nei				
Kva skule eller barnehage kjem eleven frå?												
Annan relevant informasjon (behov for skuleskyss mv.?)												

Informasjon om føresette:

Førenamn		
Etternamn		
Folkeregistrert adresse		
Postnr. / stad		
Telefonnummer		
E-postadresse		
Foreldreansvar for eleven (Ja / Nei)		
Dato		
Underskrift		

Underskrift frå føresette stadfestar at skulens vedtekter, inntaksreglement og ordensreglement er lese og akseptert (sjå www.tuddalmentessori.no) samt at opplysningane i skjemaet er riktige. Søknaden vert behandla konfidensielt.